



STRATEGIPLAN 2020-2023



Foto: Bjørn Søltnes.

Landbrukstenester Sogn



Innleiing

Landbrukstenester Sogn SA er organisert som eit samvirkeforetak, og er eigd og styrd av medlemmane i laget. Hovudoppgåva vår er å levera kvalifisert arbeidskraft og avløyssarar til landbruket i alle 6 kommunane i midtre og indre Sogn, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik. Laget sin administrasjon har kontorstad i Gaupne, og er medlem i Norske Landbrukstenester (NLT)

Laget har ansvar for landbruksvikarordninga i sitt område, og har godt kvalifiserte landbruksvikarar å tilby ved sjukdom og nødstilfelle.

Styret i Landbrukstenester Sogn har som målsetjing å fylgja opp visjonen, RETT VIKAR TIL RETT TID.

Administrasjon og styret har utarbeida strategiplanen for å ha eit godt styringsverktøy vidare. Me ynskjer å driva laget i tråd med utviklinga i landbruket, slik at våre tenester er best mogeleg tilpassa det som vert etterspurt frå bonden. Driftseiningane i landbruket vert stadig større og med meir teknologi. Det gjer bonden meir sårbar og det set større krav til arbeidshjelp. Gjennom samarbeid og felles tenking kan laget vårt ivareta ein beredskapsfunksjon, det vil vera ei trygghet for bonden i krisetilfelle og for å få høve til nok ferie og fritid.



Foto: Arne Fossøy

Landbrukstenester Sogn




Foto: LT Sogn

Landbrukstenester Sogn



VERDIAR (frå NLT sin Strategiplan):

Samhald

- Det er gjensidig respekt og tillit mellom
 - arbeidsgjevar, kunde og tilsett
 - medlemslag og hovudorganisasjon
 - tilsette og tillitsvalde
 - medlemslag
- Me ser kvarandre som ein viktig del av eit fellesskap
- Me har takhøgde for interne diskusjonar

Tillit

- Du blir teken vare på som tilsett og kunde
- Tilsette med kompetanse steppar inn i kunden sin kvardag
- Me er ein seriøs aktør som løysar oppgåver
- Me fylgjer lover og reglar
- Me held det vi lovar

Engasjement

- Du vert sett som tilsett og medlem
- Me deler erfaring og lærer av kvarandre
- Me er med og utviklar vår eigen organisasjon med entusiasme
- Me er synlege i lokalmiljøet
- Me er inkluderande og viser positiv deltaking

Tilgjengeleg

- Me er å få tak i når du treng det
- Me vil ha ein gjensidig lav terskel for å ta kontakt
- Me har tilgjengeleg, kvalifisert arbeidskraft når det er behov
- Me er tett på i lokalmiljøet



ORGANISASJON

MÅL	KORLEIS	TILTAK
Samordna organisasjon, jobbe mot felles mål	<ul style="list-style-type: none"> • Nytte NLT sine tilbod • Bevisstgjeriing • Lojalitet og stabil leiing 	<ul style="list-style-type: none"> • Styremøte fire gonger i året • Bruke NLT sine forsikringstilbod og felles programvare
God drift	<ul style="list-style-type: none"> • Rett dataverktøy • God økonomistyring • Nok eigenkapital 	<ul style="list-style-type: none"> • Årlege godt gjennomarbeidde budsjett • Oppdaterte og konkurransedyktige prisar • Etablere gode rutinar for innkreving av uteståande
Redusere sårbarheit	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid og kontakt med nabolag • Samkøyre arbeidskraft ved behov for ekstra bemanning • Felles HMS-handbok 	<ul style="list-style-type: none"> • Avtale møtepunkt med nabolag • Lage beredskapsavtale med nokon som kan ta over kontoret vårt • Følgje opp Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleik. <u>Handlingsplan</u>
Bli ein tydelegare eigar	<ul style="list-style-type: none"> • Styret tek ei tydeleg rolle • Delta på NLT sine samlingar • Bevisstgjere valnemnda 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre styrekurs • Melde på to frå styret på vår- eller haustsamling i NLT kvart år • Informasjon, delta på styremøte og kurs

Landbrukstenester Sogn



Foto: Gry Lie Roberts



BEREDSKAP OG KOMPETANSE

MÅL	KORLEIS	TILTAK
Rett vikar til rett tid	<ul style="list-style-type: none"> • Byggje relasjonar • Velfungerande adm. • God koordinering • Annonserer på Facebook, aktuell målgruppe er studentar i Sogndal • Legge til rette for kurs for tilsette 	<ul style="list-style-type: none"> • Lokal kunnskap, tilgang til kvalifisert arbeidskraft i dei kommunane som soknar innunder laget • Stabile tilsette med god kompetanse, behalde dei faste landbruksvikarane og avløyserane • Nok tilgjengeleg arbeidskraft heile tida • Lage mal for einsarta gjennomføring av oppdrag • Auke tilsette med agronomutdanning. Vakseopplæring på Mo- og Jølster vidaregåande skule og samlingsbasert studie på Sogn Jord og hagebruksskule • Ha tilsette på etterutdanning til ei kvar tid • Tilby etterutdanning
100 % beredskap ved sjukdom/krise dei fyrste 14 dagane	<ul style="list-style-type: none"> • Kvalifisert LV i alle dei kommunar laget soknar til • Vere tilgjengeleg • Velfungerande LV-ordning 	<ul style="list-style-type: none"> • Ope kontor måndag – fredag • Vakttelefon etter kontortid og helg • Vaktplan for landbruksvikarane i høgtider • Hjelp bonden med papirarbeid. Lage klar dokumentasjon. Sende inn til kommunen
Alle LV kan snakke norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Motivasjon og kommunisert kursprogram 	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennomføre norskkurs

Landbrukstenester Sogn



Foto: Ole Jørgen Lerum

Landbrukstenester Sogn



OMDØME (OG RÅMEVILKÅR)

MÅL	KORLEIS	TILTAK
Positivt omdømme	<ul style="list-style-type: none">• Gjere ein god jobb, kvalitet i alle ledd• Vere kontinuerleg oppdatert på lover og reglar• Vere synleg på sosiale media• Reint arbeidstøy og reine bilar• Framsnakke laget, tilsette og tillitsvalde	<ul style="list-style-type: none">• Sende ut info to gonger i året• Reklame med logo på bilar, arbeidstøy, infoskriv• Lage mal for nytilsette. Opplæring• Nominere årets avløyssar• Lage skryteliste, argumentasjon• Oppdatere heimesida og Facebook• Ta initiativ til mediedekning, gladsaker
Vere ekspert på velferdsordningane i landbruket	<ul style="list-style-type: none">• Vere oppdatert til ei kvar tid i følgje endringar og rundskriv frå Landbruksdirektoratet	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomføre kontaktmøte med landbrukskontora i dei kommunane laget soknar til
Naturleg samarbeidspartnar	<ul style="list-style-type: none">• Vere ein sjølvskreven og aktiv del av landbruksfamilien	<ul style="list-style-type: none">• Delta i fora saman med faglag og andre landbruksorganisasjonar

Landbrukstenester Sogn



Foto: Sogn Avis



UTVIKLING

MÅL	KORLEIS	TILTAK
God personalpolitikk	<ul style="list-style-type: none">• Tilsette skal ha trygge og gode arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none">• Oppmode til etter- og vidareutdanning• Vere ein ryddig arbeidsgjevar, engasjerte og nøgde tilsette• Rett løn og gode arbeidsvilkår• Julelunsj, personalmøte• Årlege kurs for LV og fast tilsette i Vestland fylke• Medarbeidarsamtale ein gang i året• Aktiv bruk av forskrift, HMS og Arbeidsmiljølova
Auke omsetnad	<ul style="list-style-type: none">• Verve nye kundar• Aktiv tilbydar av avløysartenester ved brukarskifte	<ul style="list-style-type: none">• 10 nye kundar pr år• Utarbeide mappe med aktuell info til nye medlemmer og sende ut
Effektiv drift	<ul style="list-style-type: none">• Få fleire bønder og tilsette til å bruke WebTemp	<ul style="list-style-type: none">• Opplæring og oppfølging av alle kundar
Nye forretningsområde	<ul style="list-style-type: none">• Kartlegge behov	<ul style="list-style-type: none">• Tilby spesialkompetanse

Landbrukstenester Sogn



Me treng hjelp frå NLT til:

- Utarbeiding av undervisningsmateriell til ungdomsskular og ev. andre
- Deltaking på messer
- Felles profilering
- Kurs for administrasjon, tilsette og tillitsvalde
- Mal for nytilsette avløyssarar
- Snakke vår sak næringspolitisk mot faglaga og Landbruks- og matdepartementet. Innspel til jordbruksforhandlingane.



Foto: Mantas Martusevicius